

Klagenemnda for miljøinformasjon



ÅRSMELDING 2007

1. Kort om lova og nemnda

Miljøinformasjonslova¹ tok til å gjelde 1. januar 2004. Lova gjev alle rett til å få miljøinformasjon om tilhøve ved offentlege organ eller private verksemder som kan påverke miljøet. Lova er ei offentleglov som skal gjere det enklare for alle å få informasjon om miljøet og å gjere det enklare å engasjere seg i miljøspørsmål.

Den som ikkje får svar eller ikkje er nøgd med svaret ei privat verksemd har gjeve, kan klage avslaget på krav om miljøinformasjon inn for Klagenemnda for miljøinformasjon som behandlar saker og treff vedtak etter miljøinformasjonslova. I tillegg til å behandle saker etter kapittel 4 i lova (klager mot private verksemder), har nemnda kompetanse til å behandle saker etter § 10 i produktkontrolllova².

Klagenemnda er et fritt og uavhengig forvaltningsorgan administrativt underlagt Miljøverndepartementet. Nemnda blei oppretta av regjeringa 1. januar 2004, samstundes med at miljøinformasjonslova og dei nye reglane i produktkontrolllova tro i kraft. Siktemålet med å opprette ei klagenemnd var at nemnda skulle bidra til å styrke gjennomføringa av regelverket, at ei klageordning ville kunne førebygge og løyse konflikhtar, samt klargjere nærare omfanget av rettar og plikter etter lova.

I klagenemnda er det åtte medlemer. Leiar og nestleiar er juristar. Dei andre representantane har bakgrunn frå næringslivet, ein miljøvernorganisasjon, ein forbrukarorganisasjon og eit medieorgan/medieorganisasjon. Eit sekretariat bistår klagenemnda med administrative gjeremål og tilrettelegging av saker.

Denne rapporten er utarbeidd i samsvar med § 9 i forskrift om Klagenemnda for miljøinformasjon³.

2. Samansetjing av nemnda

Klagenemnda har åtte medlemer. I 2007 var følgjande personar medlem i nemnda:

Leiar:

Jan Fougner (Advokatfirmaet Wiersholm)

Nestleiar:

Mette Cecilie Greve (Nordhordland tingrett)

Medlemer:

Gunnar Bodahl-Johansen (Institutt for Journalistikk)

¹ Lov 9. mai 2003 nr 31 om rett til miljøinformasjon og deltakelse i offentlige beslutningsprosesser av betydning for miljøet.

² Lov 11. juni 1976 nr 79 om kontroll med produkter og forbrukertjenester.

³ Forskrift 14. desember 2003 nr 1572 om Klagenemnda for miljøinformasjon.

Eli Heiberg (Høgskulen i Sogn og Fjordane)
Svein Martin Søgner (Norsk Skogeierforbund)
Line Andersen (Forbrukarrådet) fram til 15. juli 2007.
Sigrid Skjølås (Forbrukarrådet) frå 16. juli 2007.

Håvard K. Sandnes (Næringslivets Hovedorganisasjon) fram til 31. mai 2007.
Andreas Pihlstrøm (Næringslivets Hovedorganisasjon) frå 1. juni 2007.

Anne Lill Gade (Jotun) fram til 31. mai 2007.
Cecilie Resen-Fellie Skarning (Norsk Industri) frå 1. juni 2007.

Etter anbuds konkurranse frå Miljøverndepartementet har Advokatfirmaet Haavind Vislie AS frå 1. januar 2006 hatt oppdraget med å vere sekretariat for nemnda. Etter ny anbuds konkurranse i 2007, fekk Advokatfirmaet Haavind Vislie AS på nytt oppdraget som sekretariat med verknad frå 4. oktober 2007. Oppdraget varer til 30. september 2011.

3. Saker innkomne i 2006

Klagenemnda hadde ei sak til behandling som kom inn i 2006 og blei behandla i 2007;

AF Decom

Saksnummer: 08/2006

Vedtak: 19. september 2007

Lenke: http://www.klagenemnd.no/Vedtak/Sak_2006_08_AFDecom.PDF

Klagar: Advokatfirmaet Norman & co

Saka gjaldt: Spørsmål om kjemiske stoff og avfall i Ekofisktanken. Fråsegner om indre og ytre miljø på arbeidsplass.

Resultat: Medhald.

4. Saker innkomne i 2007

4.1 Saker som ikkje blei realitetsbehandla

Totalt i 2007 kom det inn 12 saker. Dette representerer ei lita auke samanlikna med i fjor (8 saker).

Ei sak blei utsett til behandling i 2008 (Naturvernforbundet i Oslo og Akershus mot Løvenskiold-Vækerø). Saka gjaldt informasjon knytt til skog og hogstplanar.

Av dei 11 andre sakene, blei 4 saker avviste fordi dei var retta mot offentleg organ. Nemnda har etter § 19 i miljøinformasjonslova berre kompetanse til å avgjere saker mot private verksemdar. Dei 4 sakene som ble avviste var retta mot høvesvis:

- Statens Vegvesen
- Lillesand kommune
- Finansdepartementet
- Secora AS

Saka 02/2007 (Advokatfirmaet Norman & co mot NOAH Holding) blei trekt av klagar. Denne saka gjaldt spørsmål i samband med avfallshandtering knytt til Ekofisktanken. Saka blei trekt etter at klagar fekk den informasjonen dei ønskte frå innklaga.

4.2 Realitetsbehandla saker

Av dei 6 sakene som blei ferdigbehandla i 2007 var to retta mot Conoco Phillips. Den første saka var hovudsaka, den andre var nytt vedtak etter krav om omgjerung frå Conoco Phillips.

Nedanfor er ei oversikt over dei realitetsbehandla sakene frå 2007.

Norsk båtsenter AS

Saksnummer: 03/2007

Vedtak: 4. mai 2007

Lenke: http://www.klagenemnd.no/Vedtak/Sak_2007_03_NorskBaatsenter.pdf

Klagar: Regnskogfondet

Saka gjaldt: Spørsmål om tropisk tre i båtproduksjon.

Resultat: Delvis medhald.

Christiania Kaffebryggeri AS

Saksnummer: 04/2007

Vedtak: 4. mai 2007

Lenke: http://www.klagenemnd.no/Vedtak/Sak_2007_04_ChristianiaKaffebryggeri.pdf

Klagar: Ullern videregående skole

Saka gjaldt: Spørsmål om transfeitt i kaffedrikkar.

Resultat: Medhald.

Conoco Phillips Skandinavia AS

Saksnummer: 01/2007

Vedtak: 3. juli 2007

Lenke: http://www.klagenemnd.no/Vedtak/Sak_2007_01A_ConocoPhillips.pdf

Klagar: Advokatfirmaet Norman & co

Saka gjaldt: Spørsmål om informasjon om kjemiske stoff og eksponering ved arbeid på Eksofisk.

Resultat: Delvis medhald.

Conoco Phillips Skandinavia AS

Saksnummer: 01/2007

Vedtak: 19. september 2007

Lenke: http://www.klagenemnd.no/Vedtak/Sak_2007_01B_ConocoPhillips.PDF

Klagar: Advokatfirmaet Norman & co

Saka gjaldt: Krav om omgjerung av vedtak datert 3. juli 2007 om utlevering av informasjon om kjemiske stoff og eksponering ved arbeid på Eksofisk.

Resultat: Ikkje medhald.

Albert Bøe AS

Saksnummer: 05/2007

Vedtak: 21. august 2007

Lenke: http://www.klagenemnd.no/Vedtak/Sak_2007_05_AlbertBoe.pdf

Klagar: Regnskogfondet

Saka gjaldt: Spørsmål om tropisk tre i hagemøbel.

Resultat: Delvis medhald.

Miljøservice AS

Saksnummer: 06/2007

Vedtak: 23. oktober 2007

Lenke: http://www.klagenemnd.no/Vedtak/Sak_2007_06_Miljoservice.pdf

Klagar: Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Saka gjaldt: Spørsmål om handtering av avfall.

Resultat: Delvis medhald.

Til saman blei 7 saker behandla i 2007.

5. Anna verksemd

Sekretariatet har fått nokre generelle spørsmål frå publikum om lova og nemnda. Sekretariatet har gitt informasjon om dette.

Det har også kome spørsmål frå media om aktuelle saker. Den saka som fekk størst blest i media i 2007, var sakene mot Conoco Phillips. Saka gjaldt tidlegare nordsjødykkarar og fekk brei interesse.

Nemnda kjenner til at Miljøjournalen, Aftenposten og Journalisten har skrive om Klagenemnda i 2007. Klagenemnda oppfattar at fleire journalistar har blitt kjent med lova og klagemulegheitene og at dette kan bety at talet på klagesaker vil auke.

I tillegg har det kome nokre spørsmål om sanksjonar og handheving av vedtak. Nemnda har også fått spørsmål om klausular om teieplikt i samband med vedtaka. Informasjon frå partar og media tyder på at det i enkelte høve har vore vanskeleg å få innklaga til å rette seg etter vedtaka i praksis.

6. Generelle kommentarar

Det har skjedd ei lita auke i talet nye saker (12) samanlikna med året før (8). Talet på saker har likevel heldt seg lågt sida nemnda blei oppretta. Vi har ikkje grunnlag for å seie om det relativt låge talet på saker tyder på at miljøinformasjonslova er lite kjend blant publikum, medier og private bedrifter, eller om det sakstalet tyder på at lova fungerer godt slik at det blir få tvistar. Det er uansett gått for kort tid til at det er muleg å trekke sikre konklusjonar om dette. Lova og klageordninga har no eksistert i fire år.

Det er i hovudsak organisasjonar eller andre einingar som klagar. Dette kan tyde på at det krevjer ressursar og oppfølging å vere part i en klagesak, eller at ordninga er mindre kjend for private enn for større grupper.

Nemnda hadde 5 møte i 2007.

Ved årsskiftet gjekk leiar, nestleiar og fleire medlemmer ut av nemnda. Miljøverndepartemenet oppnemnte nye medlemmer med verknad frå 1. januar 2008.

Oslo, juni 2008

A handwritten signature in blue ink, reading "Ørnulf Røhnebæk". The signature is written in a cursive style with a large initial "Ø".

Ørnulf Røhnebæk

Nestleiar i Klagenemnda for miljøinformasjon